

DET NORSKE  
TEATRET



1912—1922



## DET NORSKE TEATRET 1912 — 1922.

### Eit lite attersyn.

I dag for 10 aar sidan vart L/L Det norske teatret skipa. Det var ein gamal tanke som daa vart sett i verk. Kor gamal tanken er, veit ingen aa segja, men maalmarknaden paa Tivoli i 1898 gav han ny kveik. Marknaden var eit storhende i hovudstaden. Fraa 1. til 18. september drog han kvar kveld folk i tusental til Tivoli, til norske spelstykke, norsk opplesing, norsk song og musikk og norsk dans. Marknadsfolket raadde over godtso heile Tivoli. Jens Wang hadde skipa Florasalen um til „Huskestova“, fyrste freistnaden med ein nasjonal variete og der var fullt hus og høg stemning kvar kveld. Hulda Garborg var teaterstyrar, og synte fram „Ein hugvending“, „Trollspel“, „I apehagen“, „Naar vaaren kjem“ og „Ervingen“. Det gjekk godt, og modet vaks.

Ingeniør Werner som var formann i marknadsstyret sette sidan upp ein premi paa 1000 kr. for beste spelstykket paa nynorsk. Det kom daa fram ymse nye spelstykke, og premien vart skift millom „Sovande sorg“ av Hulda Garborg og „Folk“ av Sigurd Nesse.

Nokre vikor etter marknaden steig Arne Garborg fram i Rødelaget og heldt foredraget, „Maalteater“, som sidan vart prenta og spreidd utover landet. Her vart det halda fram at um viljen var aldri so god hjaa andre teater, kunde ikkje skodespel paa norsk folkemaal faa ei fullgod framsyning fyrr det vart eit „Maalteater“. Garborg slutta foredraget med ei opplysning um eit nytt spellag som Hulda Garborg hadde skipa, og der m. a. han og Harriet Backer var med i styret, eit lag som ogso hadde til fyreløge aa øva upp spelarar som ein sidan kunde bruka til eit norsk teater. Dette spellaget gav nokre vellukka framsyningar i Studentersamfundet og Eldorado, dermed dovna det burt.

So var det stilt, til fru Garborg i 1910 fekk med seg nokre uøvde, men oppglødde og gaaverike ungdomar fraa ymse landsluter, og skipa Det norske spellaget. Trass i alle vanskar og vonbrot og myrke spaadomar, gjorde dette laget



Fru Hulda Garborg.

i 1911 og 1912 sine velkjende sigersferder over heile landet med norske skodespel, norsk song og dans og norsk musikk; Vaaren 1912 var fru Garborg trøytt og sliten og vilde slutta. men trua paa eit norsk teater var daa vorten so sterk at ei teaternemnd vart skipa, og 5. mai heldt nemnda møte i Nobelsalen. Fernanda Nissen, Hulda Garborg, Løvland, Fr. Voss, Horst og Paal Berg var med paa møtet. Dei vart samde um aa senda ut aksjeinnbyding til eit norsk teater so snart raad var. Fyrste dagane i juli vart aksjeinnbydingsbrev sende utover landet, etter at Arne Garborg hadde slege til ljos i „Den 17de Mai“. Snart tok teikningslistone til aa strøyma inn, og 10. september stod den offentlege aksjeinnbydinga med 336 namn under i „Norsk Kundgjørelsestidende“.

Fr. Voss hadde meste arbeidet i teaternemnda og styrde skipingsmøtet i Møllergata 20 um fyremiddagen 22. november 1912. Høgstesummen, 25.000 kr., var daa teikna, i aksjar paa 25 kr.

Dei fyresegnene skipingsmøtet vedtok byrja slik: „L/L Det norske teatret er eit uansvarleg lag, det har til fyremaal aa syna fram skodespel paa norsk maal i norske byar og bygder.“ Styre vart: Fru Hulda Garborg, formann. Advokat Fr. Voss. Assessor Paal Berg, varaformann. Byraasjef Gurstad. Arkitekt Kr. Rivertz.



Anton Heiberg.

Fyrste styremøtet var 27. november. Aksjekapitalen vart innkalla til nyaar. Rasmus Rasmussen vart sett til teaterstyrar, og desse skodespelarane vart feste til teatret fraa same tid: Edvard Drabløs, Amund Rydland, Johan Mikkelsen, Lars Tvinde, Klara Semb, Marta Dale. Malli Furunes, Anna Semb og Rasmus Breistein.


Nokre dagar etter byrja øvingane her i byen, og 27. desember hadde teatret fyrste generalprøven sin, i den gamle handelstanden. Det var so fæl ein generalprøve at folk med den rette teatertru spaadde ein ypparleg premiere og ei god framtid for det nye teatret.

Opningsframsyninga var i Kristianssand 2. januar 1913. Teaterstyraren las ein prolog av Anders Hovden:

Me kjem fraa den friske norske natur,  
me kjem fraa fjell og fraa fjord,  
me kjem fraa skog, fraa fossedur  
med blomar av landsens jord,  
me kjem til byen og helsar vaar bror,  
ærleg so gjev me vaar hand.  
„Norig“ — segjer me alle i kor —  
„Gamle Norig det er vaar mor,  
systken er by og land!“



Edvard Drablos.



Sigurd Eldegard.

---

Me legg utpaa djupet for fyrste gong,  
no bed me um blidan bør —  
vil lydast um landet med spel og song  
og banka paa godtfolks dør.  
Den vesle flyttfugl i lidi kved  
si vesalle, einlagde vend,  
men denne tonen alle mann gled!  
for flyttfuglsongen hev vaaren med  
— og sumaren bak honom stand.

Eit orkester spela fedrelandssongen og lyden reiste seg og song med. So gjekk teppet upp for „Ervingen“, og Lars Tvinde som Trond paa Bøen fekk segja fyrste replikken. Etter „Ervingen“ kom „Rasjonelt Fjøsstell“, og daa framsyninga var slutt reiste ein mann seg og fekk folk med paa eit sterkt: „Leve Ivar Aasens minne!“ Sidan maatte skode-spearane syna seg gong etter gong. Framsyninga tok folk med storm, det skreiv ogso blada. Andre opningsframsyninga var dagen etter. Daa gjekk „Bjørnefjell“, og gjekk godt. „Sørlandets Social-Demokrat“ skreiv: „Det norske Teatrets første forestillinger var en seier, en seier som vil følges av flere — —. Det vil fremelske nationalfølelsen hos folket, det vil arbeide for bevarelsen av norsk kunst. Og publikum vil takke Teatret for det arbeide.“



Amund Rydland.



Ingjald Haaland.

Fraa Kristianssand bar det til andre byar og bygder paa Sørland og Vestland, og videre nordover. Dei fleste stader var det fullt hus 2-3-4 kvelder paa rad. 16. februar var det premiere paa „Jeppe“ i Volda. Det vart ei framsyning som gjorde stor lukke utover landet.

Opningsframsyninga her i byen var 6. oktober 1913. Ingjald Haaland, Tryggve Larssen, Karl Holter, fru Haaland, Ranka Knudsen, Johanne Bruhn og Betzy Jordal var komne med i spelflokken, og kapelmeister Flagstad hadde skipa eit godt orkester. — Kongen og mange av landsens fremste menn kom daa og saag framsyninga i Teatersalen, Bøndernes Hus. Teaterstyraren sa fram prologen av Hovden, fedrelandssongen vart sunge, og so gjekk teppet upp for „Jeppe“ som lyden tok i mot med sterk fagning. Blada let vel over Rasmussen som „Jeppe“. Kvelden etter gjekk „Stor Anders“, som blada tykte var ei meir jamn framsyning. Flest alle let svært vel over „Bjørnefjell“ som gjekk tredje kvelden.

Maandag 13. oktober kom riksmalsgymnasiastar mannsterke i teatret og peip. Etter eit blodut basketek vart dei kasta ut. Men dei kom att seks kveldar paa rad. Det vart eit staak som sette halve byen paa ende.

Frametter hausten var det premiere paa „Friarar“. „Lars Anders og Jan Anders“ og „Arme Jørgen“. Sigurd Bødtker

skreiv: „Hver ny forestilling viser at teatret er paa ret vei“, og Einar Skavlan trudde: „Det norske teatret er alt blit en faktor i vor kulturutvikling, som alle mere og mere blir nødt til at regne med“.

Med premieren paa „Læraren“ 13. januar 1914 vann teatret sin største kunstnariske siger. Daa vart alle teatermeldarane rivne med. Ludovica Levy skreiv: „Uvilkaarlig maatte man tænke paa de store stemningsrike aftener i Nationalteatret naar „Brand“ og „Over Ævne I“ gik over scenen“. Helge Krog kalla „Læraren“ „et av verdenslitteraturens dristigste digterverker“, og Det norske teatret „det eneste teater i Kristiania med litterære ambitioner“. „Læraren“ vart det fyrste stykke som drog fullt hus kveld etter kveld.

Kort tid etter premieren tok teatret ut paa ny spelferd. Daa vart det pipesjau mange stader, ogso daa „Læraren“ vart spela.

Hausten 1914 var kassa tom, og skodespelarane vart løyste fraa avtalone sine. Dei for nokre vikor paa eigen vaagnad; men so laga det seg. Ogso sidan har dei økonomiske vanskane valda teaterstyret mykje bry. Men med ny aksjeteikning og paa andre maatar har det lukkast aa rida stormane av, takk vere fyrst og fremst Bondeungdomslaget i Oslo.

Sidan Sigurd Eldegard i 1919 sette um „Huskorset“ har det vore betre i pengevegen. Denne morosame folkekomedie, med avlidne Johanne Bruhn i tittelrolla, gjorde Det norske teatret til folketeater i huvudstaden. „Huskorset“ har vore framsynt 355 gonger. Det er rekord her i landet.

Spelferdene er slitsame og scena i Bøndernes hus har valda store vanskar. Sume skodespelarar har mist modet; men nye har jamt kome til og mange av dei gode gamle er komne att, so framsyningane paa Det norske teatret har vunne fleire og fleire vener for kvar tid, baade her i byen, paa Friluftsteatret, Bygdøy, og utover landet. Teatret har gjort mykje til aa auka vyrdnaden for folkemaalet og folkekulturen i det heile og skapa sterkare samkjensle millom by og bygd.

I haust er scena umvølt og ho er no mykje betre enn fyrr. Dei siste framsyningane provar at Det norske teatret paa 10 aarsdagen staar betre budd enn nokon gong fyrr til aa løysa oppgaava si.

For 9 aar sidan vart halve Kristiania sett paa ende for di Det norske teatret vilde syna fram Holberg-komedior i norsk maalbunad. No tek nokon kvar til aa skyna at nordmennene faar for lite glede av Holberg i dansk maalbunad. Det er eit stort straumvende paa 9 aar.

Og no er det ingen som pip aat Det norske teatret.



Kvar det kjem i bygd og by utover landet dreg det meir folk til framsyningane sine enn noko anna teater.

Og godt lovar det at so mange gaaverike ungdomar har kome fram nett paa dette teatret desse 10 aara.

No er det mykje um aa gjera at teatret faar den bygningen som det so lenge har venta paa. Fyrst daa kan det til fullnad faa røyna kreftene sine. Statsmaktene har skyna paa det gode arbeidet Det norske teatret har gjort med aa gjeva 800,000 kr. av lotteripengane til teaterbygning, men det trengst mykje meir.

A. F.



Rasmus Rasmussen i „Læraren“.

# Haakon Jarl.

Sogespel av **Adam Oehlenschläger**. 5 vendingar — 14 bolkar.

Umarbeid til norsk av **Henrik Rytter**.

Sett i scene av **Ingjald Haaland**.

Dekorasjonane av **Ola Cornelius**.

Olav Trygvason . . . . .		Henrik Børseth
Haakon Jarl . . . . .		Karl Holter
Erling, son hans . . . . .		* * *
Thor Klakk, formann . . . . .		Einar Tveito
Karlshovde } Jostein } Olavs frendar . . . . .		Lars Tvinde Johan Norlund
Bergthor, smed . . . . .		Pehr Qværnstrøm
Gudrun Lundesoli } Astrid } døtterne hans . . . . .		Ragnhild Hald Tore Løkkeberg
Orm Lyrgja, festarmannen til Gudrun . . . . .		Alfred Maurstad
Thora fraa Rimul . . . . .		Betzy Holter
Tangbrand, bisp hjaa Olav . . . . .		Johannes Jensen
Gribb, trælen til Thor Klakk . . . . .		Ingjald Haaland
Kark } Stein } jarlens trælar . . . . .		Lars Nygard Nils Hald
Eit bod . . . . .		Alfred Maurstad
Inger, gjente hjaa Thora . . . . .		Dagmar Myhrvoll

Prestar, hirdmenn, bønder, trælar.

## Handlingi: Noreg aar 968.

- I akt: 1. Utanfor Lade gard.  
2. Gudelunden.  
3. Bergtors smidje.
- II akt: 4. Paa Mosterøy.  
5. Ein skogstig ved Lade.  
6. Stova hjaa Bergtor. (Orms Brudlaup).

*Pause.*

- III akt: 7. Paa Mosterøy.  
8. I skogen ved eit bondehus.
- IV akt: 9. Paa Lade gard.  
10. Gudelunden.

*Pause.*

- V akt: 11. Hall paa Rimul gard.  
12. I ein gravhaug.  
13. Tunet paa Rimul gard.  
14. I gravhaugen.

## Orkestret:

Kapelmeister **Adolf Nielsen:**

- |     |                  |                    |
|-----|------------------|--------------------|
| I   | Edvard Grieg:    | Norrønnakvadet.    |
| II  | "                | Landkjenning.      |
| III | "                | Hyllingsmarsch.    |
| IV  | "                | Klage.             |
| V   | Johan Halvorsen: | Islandsk folkevis. |

---

Innbu fraa Jordan, Grønsen 19.

## Adam Gottlob Oehlenschläger

vart fødd i Kjøbenhavn 14. novbr. 1779, og levde si barn-domstid på Fredriksberg slott, då faren var tilsynsmann der. Det vart ikkje råd til å gå skulevegen; men evnone i guten braut på, og han gjekk til teatret; i 1797 spela han for fyrste gong (i Schrøders «Fændriken»). Tvo år var O. ved teatret. Sidan var han heile sitt lange liv — han døydde 20. januar 1850 — diktar og berre diktar.

Oehlenschläger er ein av dei store diktarhovdingane i nordlandi. Diktingi hans eig eit lyrisk flog og — når ho er på sitt beste — ei dramatisk kraft, som er sjeldsynt. I si eigi tid sette Oehlenschlägers dikting skile; samtidi kjende det å vera ei ovring av norrøn ånd; saga fekk liv og gamall kjempehug vakna med velde i folket. Mykje gjorde i so måte emnevalet; O. gjekk nemleg beinast til gamletidi og tok sine emne derifrå. Men sant er det at enno meir var det diktingi si eigi ånd, som bar beste bodet frå norrøn hug og kraft. Endå tidi på mange vis hev skift vårt syn på menn og hendingar i saga, vil likevel den ekte norrøne ånd i O. si dikting framleis eiga magt yver folk i nordlandi.

«H å k o n J a r l» er det fremste av O. sine sogespel. Det vart skrive i Halle (Tyskland) 1806. I 1808 var fyrste framsyngi i Kjøbenhavn.

I seinare tid hev det vorte meir og meir sjeldsynt at dette dramaet vert framsynt. Grunnane til det er lett å skyna. Med Ibsen og Bjørnson sine sogedrama kom den gamle tid endå nærmare oss, enn med Oehlenschläger. Den sermerkte Ibsenske og Bjørnsonske «sagastil» vart ei tid einerådande i alle diktverk med emne frå gamletidi. Oehlenschläger sin stil kjendest uekte og lite «saga»-rett. — Ein annan grunn med meir varande verd er dei store framstig sogeg r a n s k i n g i hev gjort i dei siste mannsaldrane. Arbeidet til Munch, Bugge, Sars o. a. gav folk ei stødare kunne um gamletidi. Ymist hjå Oehlenschläger vart difor «uhistorisk».

Mange hev kjent det å vera eit tap at eit av storverki i nordisk dramadikting med tidi so å segja vart uspelande. — Ut frå denne tanken, hev Det Norske Teatret her gjort ein freistnad på å lyfta dette store diktverket framatt og gjera det til folke-eige atter. Dette vart eit vandt arbeid, som krev ei skynsam sameining av pietet for diktverket og ei stød hand i umskippingi.



*1ste rekkja:* Haaland, Jensen, Qværnstrøm, Fru Holter, Fru Inga Sparre-Dahl, Holter.  
*2dre rekkja:* Tvinde, Fru Magnussen, Frk. Løkteberg, Fru Schönberg, Frk. Myhrvoll, Fru Hald, Fru Haaland.  
*3dje rekkja:* Maurstad, Nygard, Børseth, Norlund, Frk. Rydland, Hald, Tveito.

## SPELSTYKKE

FRAMSYNTE 1912—1922.

### A. *Skrivne paa nynorsk.*

Andsvar	av Einride Tveito	1916.
Arne Vangen	„ Ranka Knudsen	1919.
Bjørgedal	„ Olav Hoprekstad	1919.
Bjørnefjell	„ — ” —	1913.
Braahamaren	„ Henrik Rytter	1917.
Eli Sjo	„ Olav Hoprekstad	1916.
Elskhug og Giftarmaal	„ Anders Hovden	
Ervingen	„ Ivar Aasen	1913.
Eventyrlandet	„ Lars Busk	1921.
Friarar	„ Olav Hoprekstad	1913.
Gamlelandet	„ Sigurd Eldegard	1914.
Hemn-gir	„ — ” —	1918.
Ingemaar Kvist	„ Olav Hoprekstad	1915.
Kraaka	„ Jens Tvedt	1917.
Liti Kirsti	„ Hulda Garborg	1919.
Læraren	„ Arne Garborg	1914.
Mikaelskyrkja	„ Einride Tveito	1917.
Mylnaren	„ Bernh. Sudmann	
Ran	„ Einride Tveito	1921.
Rationelt Fjøsstel	„ Hulda Garborg	1913.
Sovande Sorg	„ — ” —	1917.
Staalboraren	„ Halvor Floden	1921.
Stor-Anders	„ Oskar Braaten	1913.
Syndarar	„ Lauritz Fjørtoft	1916.
Tyrihans	„ Hulda Garborg	1914.
Ungen	„ Oskar Braaten	1915.
Vaarflaumen	„ Sven Moren	1915.
Varg i Veum	„ Ivar Mortensen	1915.

### B. *Umskrivne til nynorsk.*

Fela	av Peter Egge	1915.
Fjellsjøheidningen	„ Johan Falkberget	1918.
Fridomen	„ O. Lie-Singdahlsen	1919.
Himmeluret	„ Gabriel Scott	1922.

Jeppe paa Berget	av Ludv. Holberg	1913.
Jomfru Trufast	„ Vilhelm Krag	1915.
Kannestøyparen	„ Ludv. Holberg	1919.
Situasjonens herre	„ Vilhelm Krag	1915.
Til Sæters	„ C. P. Riis	1921.
Uaar	„ Olaf Benneche	1916.

*Svenske.*

Brødrene Østermans Huskors	av Wennersten	1919.
Brudlaupet paa Soløy	„ —„—	1921.
Heimsøybuarane	„ Srindberg	1918.
Kjærleik og Kjuklingar	„ F. Kørling	1920.
Kunstnaren	„ P. Hallstrøm	1918.
Lars Anders og Jan Anders	„ Gierstam	1913.
Ljugar-Lars	„ Fred. Lndholm	1922.
Løysingsordet	„ Strindberg	1919.
Stormyrtausi	„ Selma Lagerløf	1918.
Syndflodi	„ Henning Berger	1920.

*Danske.*

Bolettes Brudlaupsferd	Malberg & Bock	1916.
Livet paa Hegnsgard	Jeppe Aakjær	1917.
Naar Bøndar elsker	—„—	1916.

*Islandske.*

Kongeglíma	Kamban	1916.
------------	--------	-------

*Hollandske.*

Voni	Hejermanns	1917.
------	------------	-------

*Belgiske.*

Susanna vil gifta seg	Fonson & Wicheler	1922.
-----------------------	-------------------	-------

*Franske.*

Arme Jørgen	Moliere	1914.
-------------	---------	-------

*Tyske.*

Hannemor	Hauptmann	1916.
Landmannsliv	Reuter	1917.

*Austerriske.*

Den meinsvorne	Anzengruber	1915.
Heim og og tru	Schönherr	1918.
Jord	—„—	1922.
Magdalena	Ludw. Thoma	1921.
Salig fyrste mannen min	Ledner	1919.

## SKODESPELARAR:

Rasmus Rasmussen, styrar	1912—15.
Edvard Drabløs	1912—16 og 1917—20, teaterstyrar 1915—16.
Amund Rydland	1912—22 —„— 1916—22.
Johan Mikkelsen	1912—16.
Lars Tvinde	1921—16.
Klara Semb	1912—13.
Marta Dale	1912—15.
Malli Furunes	1912—13.
Anna Semb	1912—16.
Rasmus Breistein	1912—20.
Betzy Jordal Holter	1913—17 og 1922.—
Ranka Knudsen	1913—18.
Ingjald Haaland	1913—15, 1916—19 og styrar 1922—
Mally Carenius Haaland	1913—15, 1917—19 og 1922—
Karl Holter	1913—17 og 1922—
Dagny Eng	1913—18.
Tryggve Larssen	1913—17.
Ericka Warnecke	1913—17.
Birger Bruhn	1913—14 og 1915—17.
Johanne Bruhn	1913—14 og 1916—21.
Liv Hektoen	1913—14.
Einar Tveito	1914—
Henrik Børseth	1914—17 og 1922—
Bergliot Brun	1915—16 og 1918—20.
Liv Uchermann	1915—16.
Rønnaug Ørjasæter	1915—17.
Kolbein Melvær	1915—17.
Anton Heiberg	1915—17, teaterstyrar og instruktør.
Aasta Nielsen	1916—20.
Hans Bing	1917—22.
Martin Gisti	1917—22.
Helga Lund Rydland	1917—21.
Nils Hald	1917—
Anna Jansen Ekvall	1918—21.
Eugen Schönberg	1918—19.



Henny Schönberg	1918—19 og 1920.
Sigurd Eldegard	1918—20, teaterstyrar.
Aksel Berentsen	1918—20.
Lars Nygard	1919—
Johan Norlund	1919—20 og 1922—
Pher Qværnstrøm	1919—
Marry C. Magnussen	1918—
Dagmar Myhrvoll	1919—
Margit Granum	1919—20.
Anna Solberg	1919—20.
Ragnhild Hald	1919—
Helga Rydland	1920—
Alfred Maurstad	1920—
Johannes Jensen	1921—
Tore Løkkeberg	1921—
Inga Sparre-Dahl	1922—
Mons Rykken	1919— forretningsfører.

---

## STYRESMENN.

Hulda Garborg	1912—14 og 1919—, formann 1912—14.
Advokat Fr. Voss	1912—14.
Høgsterettsass. Paal Berg	1912—14.
Byraasjef Gurstad	1912—13.
Arkitekt K. Rivertz	1912—17. form. 1914—16.
Borgmeister Eidem	1914—18. form. 1917—18.
Disponent Gunnar Fossberg	1914—16.
Advokat Nils Onsager	1914—
Journalist T. Øksnevad	1914—17. form. 1916—17.
Lærer David Hauge	1916—20.
Prokurist Jon Bakke	1917—20. form. 1918—20.
Disponent Bjarne Foss	1918—20.
Direktør E. Berdal	1920— form. 1920—
Borgmeister C. B. Bugge	1920—
Direktør P. A. Iversen	1920—





LARS TVINDE

som sa fyrste replikken paa Det norske teatret  
og har vore med heile tida sidan.



JOHANNE BRUHN

som spela tittelrolla i „Huskorset“, den skodespelframsyinga  
som har gaatt dei fleste gangene her i landet.



# PLAN OVER TEATERSALEN

